

Fra: Bevar Mangersfjorden <bevarmangersfjorden@gmail.com>
Sendt: mandag 14. mars 2022 21:53
Til: Postmottak Alver; Øyvind H. Oddekalv; Morten Klementsens; Jostein Hellestveit; Astrid Aarhus Byrknes; Thomas Larsen; Nina Stabell Øvreås; Leif Johnsen; Torbjørn Taranger; Sveinung Toft; Alexander Helle; Sara Sekkingstad
Kopi: tips@strilen.no; redaksjonen@nordhordland.no; vestland@nrk.no
Emne: Invitasjon møte med folkevalde

Kjære folkevalde

Fint om dere kan dele med aktuelle politikere.

Som de sikkert har registeret har dei siste to søknadene om nye oppdrett i Mangersfjorden skapt eit sterkt engasjement blant innbyggjarane i kommunen. Engasjementet har og breia seg utover kommunen sine grenser.

Me og andre som har engasjert seg i saka har registeret at det må vera eit stort misforhold mellom fleirtalet av politikarane i Alver kommune, og me som no har engasjert oss i saka, i korleis røyndommen oppfattast.

Korleis me som interesseorganisasjon «Bevar Mangersfjorden» ser på saka skal vera tydeleg kommunisert gjennom media og uttale til dei omtala søknadene. Der har me freista å vera ganske detaljert i argumentasjonen for våre standpunkt.

No har det so langt vore ganske stille frå Alver kommune sin side i «debatten», og me har eit behov for å få kommentarar frå kommunen på våre standpunkt, samt høve til å få stilla kanskje nokre avklarande spørsmål me «brenn inne med».

Me ber difor om eit møte med eit utval av nokre frå det politiske miljø i Alver kommune som kan ta på seg oppgåva med å gje litt meir utfyllande informasjon om kommunen sine haldningar til følgjande tema:

- Korleis ein kan kombinera føremåla i eit FEFIKFR området utan at det eine utelukkar det andre.
- Korleis Alver kommune tenkjer rundt forholda med forureining og luseproblematikk frå eksisterande oppdrett i kommunen.
- Korleis Alver kommune tek ansvar for den strekt truga Vossolaksen.
- Korleis Alver kommune oppfattar og forholdt seg til «trafikklys» systemet.
- Korleis Alver kommune tenkjer at to store nye lokasjoner med oppdrett i Mangersfjorden er foreinleg med at Alver kommune er ein del av Nordhordland Biosfæreområde.
- Korleis søknaden om dei to nye oppdretta i Mangersfjorden vil samsvara med punkta i forslaget til Alver kommune sin samfunnsdel i kommuneplanen.
- Om det er noko som har skjedd den siste tida som gjer at ein bør revurdera haldninga til nye anlegg i Mangersfjorden.

Fint om de kan komma med forslag til tidspunkt som passar Dykk, men me foreslår onsdag 23 mars kl 1800 . Møte kan me ha i huset til Husebøkrinsen Bygdela, «Nordvinden».

Med vennleg helsing
«Bevar Mangersfjorden»